

Kyrkjeblad for Fjaler

nr.1 mars 2021
79. årgang



Gje eit liv med reint vatn
Vipps til **2426**
eller sms **VANN** til **2426** (250 kr)
Kontonummer: 1594 22 87493



KIRKENS NØDHJELP
actalliance



**FOR 785
MILLIONAR MENNESKER
ER DETTE DRIKKEVATN**

FASTEAKSJONEN 21.-23. MARS 2021




KIRKENS NØDHJELP
actalliance

VATN FORANDRAR LIV.
FORANDRE. FOR ANDRE.
SAMAN.

Stod Jesus verkeleg opp av grava?

Historia om at Jesus stod opp frå dei døde er ganske utruleg. Det er ein del menneske som faktisk tenker at Jesus aldri har levd. I Bibelen står det jo at Jesus har levd.

Den jødiske historikaren Josefus har i sitt verk *Antiquities* skrive om Jesus. Dette er truleg den einaste ikkje-kristne kjelda frå det første hundreåret som omtalar Jesus. Det syner i alle fall at det er skrive om Jesus i andre verk enn Bibelen.

Vi veit at Jesus har levd, men var han meir enn eit menneske? Var han Guds Son som stod opp frå dei døde? Jesus sa faktisk sjølv at han var meir enn eit menneske. Men det er det jo andre som har gjort òg. Tenk om eg hadde stilt meg på torget og ropt: Kom til meg alle de som slit og har det vanskeleg. Kom til meg, så skal dåke få det så bra! Dåke skal få liv, lys og glede. Då hadde folk sagt: Han der er gal. Pass dåke for han. Han er ond og har skumle planar.

Eg trur at eg måtte ha bevist det – viss folk skulle ha trudd på meg – at eg var noko meir enn eit menneske. Og hadde Jesus noko bevis for at han var meir enn eit menneske?

Tenk på det Jesus sa. Han sa det for 2000 år sidan. Ingen har behøvd å endre på det på 2000 år. Og det som Jesus sa – det har vi bygd nokre av lovene i landet vårt på. Var den mannen bare eit menneske?

Eller berre tenk på korleis Jesus var – då han blei hengt opp på krossen. Han sa: Gud, må du tilgje soldatane som heng meg opp – for dei veit ikkje kva dei

gjer. Og mora til Jesus, Maria, og kameraten hans, Johannes, stod nede ved krossen. Og så sa Jesus: Mamma og Johannes, no må de passe på kvarandre – for no blir eg borte – og då må de ta vare på kvarandre.

Men at han stod opp att frå dei døde – det er vel litt drøyt?

Det finst fleire teoriar om Jesu død og oppstode. Ein teori går ut på at Jesus ikkje døydde heilt. Han vakna opp igjen – og så velta han den store steinen – og gjekk ut av grava.

Augevitnet Johannes såg at då soldaten stakk Jesus i sida med spydet – så kom det ut først vatn, så blod. Innan legevitenskapen er dette ein sannsynleg indikasjon på at ein person er død.

Nokon meiner imidlertid at venene stal den døde kroppen, og sa at Jesus hadde stått opp frå dei døde. Men det var jo nettopp det dei romerske leiarane var redde for. Derfor sette dei soldatvakter ute ved grava. Og desse vaktene vakta grava med sine liv.

Men romarane, då, dei stal Jesu kropp! Nei, det er jo heilt urimeleg. Då kunne dei jo berre ha kome med den døde kroppen og vist den fram: Sjå her, han er død!

Ein ting er i alle fall sikkert: Jesu kropp var borte frå grava. Det var berre eit likklede som låg igjen der. Og han viste seg etter kvart for 500 personar i løpet av 6 veker. Og det var *etter* at han hadde stått opp frå de døde.

Kvinnene som kom til Jesu grav påskemorgon, fekk bodskapen frå



Altartavla i Dale, av Anders Askevold, foto Joy Taylor.

engelen om at Jesus ikkje var der, men at han var stått opp.

Læresveinane, som var så redde at dei hadde låst seg inne i eit rom, var no ute i gatene – så lukkelege og glade – for å fortelje at Jesus levde. Påskebodskapen spreidde seg som eld i tørt gras. I løpet av nokre få generasjonar hadde det nådd langt ut over datidas kjende verd. Med uimotståeleg kraft nådde det inn i hjarta til menneska.

Menneskeliv blei forandra. Nasjonane sine liv blei endra. Oppstoda fekk på sikt dei største politiske konsekvensar.

Det ligg att eit lys frå oppstoda. Lyset skin framleis.

På kyrkjebakken

Kyrkjeblad i koronatid

Vi håpar sjølv sagt at alt som er omtalt i bladet skal gå som planlagt. Men ver obs på at det kan bli endringar og tilpassingar på kort varsel alt etter kva smittevernreglar som gjeld der og då. Sjekk www.fjaler.kyrkja.no, facebook.com/FjalerKyrkja eller sjå gudstenesteannonsen i Firda kvar laurdag for oppdatert informasjon. Hugs avstand, reine hender og å halde deg heime viss du er sjuk.

Ljosheimbasar 2021

Hausten håpar vi vil gå greitt

Ljosheimbasaren brukar vi årleg å ha midt i februar. Koronaen sette ein stoppar for det i år, men i julenummeret skreiv vi at vi ville prøve å få til utlodning av handarbeid i februar 2021. No syner det seg at heller ikkje det gjekk. Det blei for vanskeleg å sitje og selje lodd på butikkane når koronaen spreidde seg rundt oss, sjølv om vi i Fjaler har vore veldig heldige når det gjeld smitte. Vi vel å vere optimistiske og håpar at vi hausten 2021 skal kunne samlast og gjennomføre vanleg basar. I fjor i 2020 var vi så heldige å ha basaren i februar like før Norge stengde ned. Vi kjem tilbake med dato når det nærmar seg.

Solidaritetskonsert

i Dale kyrkje

tyrsdag 23. mars kl.19.00

Tradisjonen tru avsluttar vi fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp med ein solidaritetskonsert i Dale kyrkje med Ungdomskoret, studentar frå UWC og kulturskulen viss smittevernreglene opnar for det. Vi tek opp kollekt som siste innspurten for fasteaksjonen.

Orgelkonsert

i Folkestad kapell

1. påskedag kl.18.40

Som vanleg spelar kantor Mark Taylor ein kort orgelkonsert før høgtidsgudstenesta på 1. påskedag. I år vil han framføre orgelkonsert i B dur opus 4 nr 6 av Händel.

Händel komponerte konserten i 1736 opphavleg for harpe, men seinare arrangerte han konserten for orgel. Like etter dei fyrste framføringane, fekk Händel to slag og mista bruken av si høgre hand og arm. Denne konserten var i så fall siste gongen han viste fram sine ferdigheiter i orgelspel.

Konserten var komponert som ein del av korverket «Alexander's Feast», som sigersmusikk på festen etter at Aleksander Den Store hadde vunne slaget mot Darius. Den majestetiske musikken passar difor til framføring på påskedag, når vi feirar Jesu siger over døden.

Vel møtt.



25-års-jubileums-konsert for Do Re Mi

Søndag 11. april i forlenging av Barnas påskegudsteneste kl.14.00

I år er det sølvjubileum for barnekoret vest i Fjaler: Do Re Mi. Som vanleg vil koret syngje ein del vårsongar, og det vert utdeling av

diplom og pins til kormedlemene. Om smittevernreglene gir rom for det, håper vi at mange kan feire dagen med oss, inkludert tidlegare korsongarar og dirigentar. Følg med på Facebook og i Firda for evt. endringar i opplegget.

Bladpengar

- Gåve til kyrkjebladet

kr 250 for dei som bur innan kommunen.

kr 300 for dei som får tilsendt bladet med frimerke

Bankkontonr: 3741.20.73135

Vippsnummer: 557133

Det er bladpengane du betalar som gjer det mogleg for oss å gje ut Kyrkjeblad for Fjaler. Vi er takksame for at de tykkjer det er kjekt å få bladet i postkassa, og at pengar kjem inn på kyrkjebladet sin bankkonto. Vi håpar å kunne fortsetje med å gje ut tre årlege nummer.

Du som bur utanom kommunen, og får bladet tilsendt med adresselapp, må hugse å merke innbetalinga med namn og adresse – også når du betalar via nettbank. Utan adresse får vi ikkje sendt deg bladet.

Alle som har postkasse og bur innan kommunen skal få kyrkjebladet i postkassa si. Det gjeld òg dei som har reservert seg mot reklame.

Kyrkjebladet er informasjon og ikkje reklame. Skulle posten svikte deg, har vi alltid blad liggande på kontoret som du kan få.



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjeverja formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt!



Seksbarnsmora Susan Miyambo trudde aldri at ho skulle få reint vatn, men no som ho har fått det, kan ho bruka meir tid saman med borna sine.

Susan måtte drikka vatnet ho vaska klede i

For seksbarnsmora Susan Miyambo (35) var reint vatn berre ein fjern draum. Alt vatnet ho trong til mat, drikke og klesvask måtte ho henta i ei skitten elv.

Me er i landsbyen Kasalaulo i Zambia, i eit område der fleire tusen flyktningar frå Kongo har søkt tilflukt. Her bur Susan saman med dei seks borna sine i eit lite hus med strå på taket.

Tunge kanner

Med høner som flaksar rundt beina hennar, eit barn på armen og eit som held i skjørtekanten, fortel ho om timelange gåturar for å henta vatn før dei fekk reint vatn til landsbyen.

– Mangel på vatn ga oss mange

helseproblem. Elva var vår næraste vasskjelde, og den var både skitten og full av bakteriar. Me var veldig ofte sjuke, fortel ho.

Alternativet var å gå langt med tunge kanner. Fleire timar måtte ho bruka for å henta reint vatn. Det var det ikkje alltid tid til med seks born å ta seg av. Difor vart vatnet frå elva ofte den enklaste løysinga. Vatnet ho vaska klede i, drakk, bada borna i og lagde mat med. Vatnet ho delte med dyr og insekt. – Me måtte gå store avstandar for å koma til vasskjelda, og det var vanskeleg for familien min å få til det, forklarar ho.

Brønn som endra alt

Susan tar oss med inn i huset sitt der dei er mange på liten plass. Litt av plassen er sett av til oppbevaring av fisk og den populære grønsaka,

kassava, som smakar nesten som potet.

– Her ser du litt av inntekta mi, smiler ho. For sal av både fisk og kassava gjev ekstra pengar til storfamilien.

Ho peikar på dei fargerike vasskannene som står ved matlagingsplassen.

– No treng me ikkje lenger å gå langt for å henta vatn. Takka vere Kirkens Nødhjelp har me fått reint vatn i landsbyen. Det er vi så takksame for.

Landsbyen, med sine 1753 innbyggjarar, er ein av dei mange landsbyane som har fått tilgang til vatn av Kirkens Nødhjelp. Våren 2018 bora me ein brønn. Det er



Brønnen i Kasaulo i Zambia er rett utanfor huset til seksbarnsmora. Tilgang til reint vatn har forandra livet hennar. Ho kan mellom anna bruka mykje meir tid på å dyrka kassava og mango.

viktig for oss at heile landsbyen får eigarskap til vassystema vi byggjer. Difor samarbeider me tett med våre lokale partnarar og vassingeniørar.

Innbyggjarane er med på å tilretteleggja og vel ein eigen komité som vedlikeheld og har ansvar for vassforsyninga.

For Susan er det no berre ein kort tur til brønnen som er omringa av kanner klare til fyllast opp.

– No kan eg gje familien min reint vatn. Det er eg så glad for.

Men sjølv om Susan ikkje lenger er bekymra for å bli sjuk av skittent vatn, har ho ei anna stor bekymring. Ei bekymring ho deler med resten av verda: Covid-19.

– Eg er redd for å bli smitta når mange av oss er samla, og eg er redd for barna sine og mitt eige liv. Covid-19 er verkeleg og utgjør ein fare for oss alle.

Spesielt er ho bekymra for lange køar ved vasspumpa. For i landsbyen er det mange som set pris på reint og trygt vatn, og etterspurnaden er difor stor.

– Mi oppmoding er at det vert bora endå fleire brønnar for å møte etterspurnaden, slik at endå fleire får tilgang til reint vatn, og me kan ha god avstand for å unngå smitte.

Avhengig av hjelp for å hjelpa

For at Susan og andre skal få reint vatn, trengst det hjelp frå oss. Også i 2021 skal frivillige over heile Noreg vera med på Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon og samla inn pengar til brønnboring, latrinebygging og andre tiltak som reddar liv i fattige lokalsamfunn ute i verda.

Verda står framleis overfor ein pandemi som rammar oss alle på ulike måtar. Kirkens Nødhjelp har nådd ut til over 2,4 millionar menneske med koronaførebyggjande tiltak sidan mars 2020, takka vere deira innsats og bidrag.

Du kan bidra digitalt når Fjaler skal gjennomføra årets innsamlingsaksjon, ved å senda ei gåve til kontonummer 1594 22 87493, eller VIPPS til 2426, eller sms «VANN»s til 2426 (250,-).

Viss du brukar Facebook, kan du gje til aksjonen på www.facebook.com/FjalerKyrkja.

Det er også flott viss du deler aksjonen med vennene dine og inviterer andre til å delta. Jo fleire, jo betre! Facebook tek ikkje gebyr på innsamlingar, så 100% av det du gir, går rett til aksjonen.

Tekst: Anette Torjusen

Bli ein Kirkens Nødhjelp-sponsor – og støtt konfirmantane sin digitale bøsseaksjon!

I år som i fjor blir Kirkens Nødhjelp sin innsamlingsaksjon, fasteaksjonen, digital. I Fjaler har vi pleidd å ha ein dør-til-dør-aksjon med innsamlingsbøsser, men på grunn av koronarestriksjonar, let dette seg ikkje gjere i år heller.

Men konfirmantane har likevel fått ei særskild viktig oppgåve – å skaffe seg ein sponsor som støttar aktivitetar dei gjer til inntekt for Kirkens Nødhjelp. Ein slik sponsor kan vere kven som helst, men gjerne nokre i familien som vil oppmuntre konfirmantane til å gjere noko viktig.

I korte trekk får den einskilde konfirmant denne instruksjonen:

- 1) Vel ein aktivitet!
- 2) Inviter sponsorar og avtal beløp.
- 3) Gjennomfør aktivitet.
- 4) Varsle sponsorar om korleis det gjekk, og kor mykje sponsorane kan sende til aksjonen.
- 5) Gje beskjed til konfirmantlæraren korleis det har gått.

Konfirmanten kan til dømes gjere husarbeid eller annan aktivitet for familien – og med sponsorar som sponsar arbeidet, i dette tilfellet er nokre i familien, vert desse sponsorkronene gitt til inntekt for Fasteaksjonen.

Konfirmantane blir også oppfordra til å vere digitale bøsseberarar. Frå ein digital bøsseberar, kan du få denne teksten sendt til din mobil:

Hei [namn]! I år er eg konfirmant og vi i kyrkja skal redde liv saman med Kirkens Nødhjelp. Men korona gjer at eg ikkje kan gå med bøsse. Dette er mi digitale bøsse. Vil du gi ei gåve til dette livsviktige arbeidet? For kvar person eg deler med, har eg banka på ei dør med mi digitale bøsse. Det er også ei veldig god hjelp at du deler denne SMS-en vidare! Du kan Vippse til 2426, eller gå til kyrkja i Fjaler si digitale innsamling på Facebook. Takk for gáva du gir, Helsing (namn)

PS! Du er sånn sett velkomen til å bidra sjølv om du ikkje sponsar ein bestemt konfirmant!



Via dolorosa

Jesus sin lidingsveg på 14 plakatar

Å gå i Jesu fotspor mot krossen - frå stasjon til stasjon – er ein gamal tradisjon. Allereie i på 400-talet var hadde dei krossvandring i Jerusalem. Då gjekk dei den same ruta som Jesus følgde då han bar krossen mot døden på Golgata.

I mellomalderen vart det vanleg å lage til krossvandringar overalt i Europa. Dei stogga ved 14 stasjonar. På kvar stasjon var det eit bilete av ein hending i Jesus si lidingssoge.

Kunstnaren Magne V Kristiansen held til på Blakset i Stryn. Han har laga heilt nye bilete som kan brukast til krossvandring. Stryneverksemda FluorLux produserer plastplansjar i A3-format. Kvar plansje har eit bilete og ein bibeltekst frå Jesus si lidingssoge. Bibeltekstane er for det meste henta frå Bibelselskapet sin nye utgåve «Lukas – lett å lesa». Det er Balestrand sokneråd som gjev ut plansjane.

Plansjane for vandringa vert ståande rundt Dale kyrkje på slutten av fastetida fram mot påske og blir så bytta ut med plansjane Via lucis (lysvegen), som vi òg hadde ståande rundt Dale kyrkje påska 2020. Denne har òg 14 stasjonar og fokuserer på lyset og håpet frå Jesu oppstode. Den vil bli hengt opp og i år.



Konsert med Stig Ulv


Dale kyrkje
30. mai kl.19.00
Billettsal kr 150

«Stig Ulv spelar ikkje på gitarar, han får dei til å snakke. På nynorsk sjølvsgagt. Med utsøkt gitar-teknikk, ein reinskåren følelse for harmoni og melodi, og ein lyd som ber tonar over hav.»

Viss smitteverntiltak tillèt det, får vi oppleve han i Dale 30. mai. Følg med på fjaler.kyrkja.no og på Facebook når det nærmar seg.

Det set sine spor å vekse opp i Ørsta, Ivar Aasen si heimbygd, som ligg klemt mellom mektige fjordar og majestetiske fjell på Søre Sunnmøre. Det er truleg her, i skjæringspunktet mellom folk og natur, at den har oppstått, Stig Ulv sitt distinkte varemerke: Den uimotståelege klangen.

Den som fekk Magne Furuholmen til å avbryte han midt under ein konsert for å få med seg ein signert



CD. Den som gjer at Dagbladet sin journalist Tom Stalsberg finn det tvingande nødvendig å be folk om å sjekke ut den beskjedne sunnmøringen.

Stig Ulv spelar ikkje på gitarar, han får dei til å snakke. På nynorsk sjølvsgagt. Med utsøkt gitar-teknikk, ein reinskåren følelse for harmoni og melodi, og ein lyd som ber tonar over hav.

– Dette er ikkje akkurat festmusikk, seier Stig Ulv sjølv.

Og det takkar vi for. Det finst nok av slikt. Nei, Stig Ulv er noko heilt anna: Ro og pusterom. Høgst nødvendige komponentar i ei samtid prega av stadig aukande krav til tempo og effektivitet. Sjølv kallar han det stemningsfull instrumentalmusikk. Men det er berre for han er beskjeden.

Stig Ulv representerer noko heilt unikt på den norske musikkhimmelen i dag. Han er noko så sjeldant som eit friminutt frå stress og mas. Det handlar om han og gitaren. Og sjelefred, intet mindre.



Haustkonfirmasjonar

Konfirmasjonsgudstenestene er utsette til hausten.

Det er bestemt at konfirmasjonane i Fjaler blir flytta til august og september.

Konfirmasjonane blir på laurdagar og dei nye datoane er:

Folkestad kapell:
Laurdag 28. august

Guddal kyrkje:
Laurdag 4. september

Dale kyrkje:
Laurdag 18. september

Kyrkjelydslivet i koronatid

Då regjeringa kunngjorde at berre 50 kunne samlast i kyrkja, blei det bestemt at gudstenesta julaftan i Dale skulle strøymast. Blant dei medverkande var Dale barnekor og nokre av konfirmantane. Det blei registrert at 461 datamaskinar/einingar hadde vore innom strømminga frå Dale kyrkje. Kyrkjerådet gav midlar til gjennomføringa.

Vi måtte ta i bruk påmelding til gudstenestene på julaftan i Dale, Guddal og Folkestad men unngjekk å måtte bruke påmelding elles. Skule- og barnehagegudstenestene i desember blei gjennomført nesten som vanleg. For Dingemoen skule blei det halde to julegudstenester i staden for ein.

Den tradisjonelle julekonserten i Dale blei spelt inn som videoopptak i samarbeid med lokale aktørar, bl.a. kulturskulen, musikkorpset og Fjaler Film. Videoen låg ute på nett frå 22.-31. desember og blei vist 1500 gongar. Vi takkar Sparebankstiftinga i Fjaler for sponinga av dette tiltaket.-

Kor

All koraktivitet måtte stoppe opp igjen dei fyrste vekene i januar. Frå 20. januar kunne dei tre barnekora og Ungdomskoret starte opp igjen etter regjeringa opnar for øvingar for kor under 20 år. Guddal familiekor og Do Re Mi har kunne delta på gudstenester fordi dei er få i tal. Men Dale barnekor, med 14 medlemmer, får ikkje vere med på gudstenesta mens det berre er tillate med 10 deltakarar. Vaksenkorset Cantus har i skrivande stund ikkje fått lov til aktivitet.

Trusopplæring

På grunn av dei nye koronarestriksjonane, måtte



Nokre av konfirmantane var med og illustrerte juleevangeliet i gudstenesta som vart direktesendt på julaftan.



Ei gruppe med minikonfirmantar kosar seg med pølser og brød på Ljosheim.

dessverre 2-årssamlinga som var planlagt 23. januar avlyst. Med berre lov til å ha 10 på gudsteneste, måtte kyrkja gjere om på gudstenesta 31. januar der minikonfirmantane skulle delta. I staden for gudsteneste, arrangerte kyrkja samling for dei i Dale kyrkje. Kvar klasse, to på Dingemoen og ein i Flekke, fekk sine egne samlingar. På desse samlingane fekk dei med heim teikneseriebibelen.

«Tid for tru», eit opplegg for vaksne, eit samarbeid soknerådet i Fjaler har med sokneråda i Hyllestad og Askvoll, har blitt utsett til hausten 2021. Då håpar vi å kome i gang.

Påmelding til gudsteneste

Det siste året har vi måtte venne oss til mykje rart. Det å ha påmelding til gudstenester hadde ingen av oss forventa, men når smittevernreglane gjer at vi ikkje har plass til alle som kunne tenkt seg

å gå i kyrkja, har vi dessverre måtte ta i bruk påmelding på enkelte gudstenester. Dei fleste gudstenester har likevel vore utan påmelding. Vi håper at ingen vegrar seg for å melde seg på til gudsteneste, det er gjort på få minuttar, og du kan slette påmelding etterpå om det skulle vere nødvendig.

Korleis melder eg meg på?

For å melde seg på til gudsteneste, går ein inn på fjaler.kyrkja.no. Sjå etter kalenderen (i spalta til venstre viss du brukar datamaskin) eller oppslag om gudstenester. Lenkja vil òg bli lagt ut på Facebook.

Påmeldingslenkja tar deg direkte til den aktuelle gudsteneste på minkirkeside.no/fjaler. Du ser med ein gong om det er ledige plasser eller ikkje. Så klikkar du på «legg til ny person», deretter er det berre å leggje til namn, e-post og mobilnummer.

Du kan melde på ein eller fleire personar, men pass på at du ikkje melder på den same person meir enn ein gong. Den første personen du legg til, vil kome opp som kontaktperson for påmeldinga. I tillegg til namn, må du oppgi enten ei e-postadresse eller eit mobilnummer. Dersom den påmeldte ikkje har mobil/e-post, så oppgi kontaktopplysningar til næraste føreset/kjenning.



Den Norske Kyrkja

Gudsteneste Folkestad bedehusapell, 07.02.2021
11:00

Arrangementet starter: 07.02.2021 11:00

Totalt antal plassar: 10

Ledige plassar: 10

Påmeldingsperiode: 26.01.2021 10:52 - 07.02.2021 11:00

Mine påmeldinger

Du kan melde på ein eller fleire personar, men pass på at du ikkje melder på samme person meir enn ein gong. Den første personen du legg til, vil kome opp som kontaktperson for påmeldinga. I tillegg til namn, må du oppgi enten ei e-postadresse eller eit mobilnummer. Dersom den påmeldte ikkje har mobile-post, så oppgi kontaktopplysningar til næraste føresettkjenning.

Du har ingen påmeldinger registrert. Klikk på knappen "Legg til ny person" for å registrere ei ny påmelding.

Obs: Kun ein person pr. linje

Navn

Fullt navn

E-post

Mobil

Lagre

Legg til ny person

Når du er ferdig med registreringa, kjem det opp ei samtykkeerklæring, og du kan velje å få stadfesting på e-post. Viss du ikkje ber om stadfesting er du likevel påmeld. Men i e-posten får du ei lenkje du kan bruke for å sjekke at påmeldinga er riktig, og om nødvendig slette ein eller fleire av dei du har meldt på. Du treng ikkje vise fram e-posten når du kjem til gudsteneste.

Heile påmeldingslista med kontaktopplysningar vil bli sletta 2 veker etter at gudstenesta har funne stad.

Det er framleis mogeleg å melde seg på ved å ta kontakt med kyrkjekontoret på dagtid.

Hjerteleg velkomen i kyrkja!

Vi skal møtast

Vi skal møtast
når dette er over,
ved eit bord
i ein smekkfull kafé,
i ei kyrkje,
i midtgangens vrimmel
mot Guds alter
og det som skal skje.
Vi skal feire
Og syngje
og le.

Vi skal gje til kvarandre
eit løfte,
at vi møtast
når vegen er gått.
Når det mørke og vonde er bak
oss
Når den prøva vi fekk,
er bestått,
skal vi dele det svar
vi har fått.

Men alt no
veit vi svaret,
vi veit det.
Det å elske kvarandre
er alt,
bere bærer når ein har for mykje,
halde oppe
når nokon har falt.
Til å elske,
til det
er vi kalt.

(Tekst: Hans Olav Mørk,
14. mars 2020
Omsetjing til nynorsk: Silje Sørebo)



Anbod måling

Dale kyrkje med unntak av tårn og vestvegg.

Frist for anbod: 31.03.2021

Frist for ferdigstilling: 31.08.2021

Krav om: Firmaattest, attest skatt/avgift, HMT-eigenerklæring.
Erfaring, måling med linoljemåling må dokumenterast.

For synfaring og nærare spesifikasjon av arbeidet, kontakt kyrkjeverje Irene Fløde tlf. 99238420.



Som eit synleg prov på takkemd gav sokneprest Knut Arne Kummeneje ein steinkross laga av Torbjørn Løland i Åfjordstein i Hyllestad, laga i same materiale som krossen i Korssund. Foto: Atle Lyngstad Ness.

Tekstlesar i Dale kyrkje i 35 år - Takk for orda, Målfrid

Heile livet har Målfrid Skaar vore glad i og flink med ord. Berre fire år gammal lærde ho å lese, og på realskuleeksamen skreiv ho stil til Særs godt. Seinare var ho bokhandlar i ein mannsalder, og dei siste 35 åra har ho vore ein stødig og tydeleg tekstlesar i kyrkja. 1.

juledag var det slutt. Men vi får tru presten har henne på ei vikarliste om han står opprådd. Ingen i kyrkjebenken græt om «Molla» dukkar opp att.

At Målfrid begynte som tekstlesar hang saman med omlegginga til

at kyrkjelyden skulle ta meir aktivt del i gudstenesta. Tidlegare ordna prestane alt, også tekstlesinga. Etter ein litt famlande start er det nye forlengst vorte naturleg og rett. Oppdraget har gått på omgang mellom fire-seks personar, så med Hans Stav sin bortgang og at



Godt førebudd og med tydeleg røyst har Målfrid Skaar skilt seg frå oppgåva som tekstlesar i Dale kyrkje gjennom 35 år med innleving og på ein god måte.
Foto: Joy Taylor.

Målfrid takka for seg, vart staben nesten halvvert på kort tid.

Etter takkseining og gåve frå sokneprest Knut Arne Kummeneje i gudstenesta juledag, sa Målfrid at det var dåverande soknediakon Karen-Sofie Heggem som fekk henne med. Dei var heldige og fekk gå på kurs med skodespelar og teatersjef Anne Gullestad som kyndig lærar, noko som utvilsamt gjorde dei støare og tryggare i tenesta. Saman med Hans Stav og Terje Halsnes har Målfrid vore med heile tida. Frå kyrkjekontoret får tekstlesaren manus kvar gong, så det er greitt «å halde tråden» men du må vere konsentrert.

Om tittelen er tekstlesar femner oppgåva fleire ting i gudstenesta, som inngangsord, utdeling av nattverd, å leie kyrkjebøna og å telje opp offerpengane saman med ein av dei andre. Etter som Vipps blir meir brukt, er det mindre å telje.

Ein skal gje seg mens leiken er god, sa Målfrid i kyrkja. Ho let vel over godt fellesskap og samarbeid



Målfrid Skaar let vel over samarbeidet og fellesskapet gjennom desse 35 år, ikkje minst har sokneprest Knut Arne Kummeneje vore god å ha. Det er vemodig å slutte, tykkjer ho, men det er ei tid for alt og det gjeld å gje seg mens leiken er god.
Foto: Atle Lyngstad Ness.

med dei tilsette og dei andre tekstlesarane. Om ho berre såg på den sida, kunne ho godt ha halde fram. Men det er ei tid for alt. At Hans ikkje var med lenger, opplevde ho sårt. Han var eit trygt ankerfeste for alle.

Økonomisk har det vore lite å hente, men om Målfrid ikkje snakkar høgt om det, har ho fått løn i form av mange hyggjelege tilbakemeldingar. Vel fortent.

Målfrid voks opp i ein heim der dei både las og skeiv. Far Sigvard Sørø let etter seg fine dikt, og bror Herbjørn skreiv eit førtitals bøker i ulike sjangrar. Målfrid er vel van med at «ho er systra til Herbjørn Sørø». Dette vart også drege fram ein gong det skulle vere bispevisitas i Fjaler. Biskopen ville ha ein kvinneleg tekstlesar, og valet fall på Målfrid. Soknepresten ville gjere ære på henne ved nettopp å presentere henne som «søster til Herbjørn Sørø». Då såg biskopen på henne og sa: Ja, men du er vel noe i deg selv også?

Javisst. Familieband er ikkje å kimse



Den gudstenesta Målfrid hugsar best frå dei 35 åra som tekstlesar, er den då Mark Taylor vart vigsla som organist. Mark kneler på alterringen, og f.v. ser vi biskop Ole D. Hagesæther, Knut Arne Kummeneje, Målfrid Skaar, Hans Stav, Sigurd W. Sande og prost Sigurd Vengen. Foto: Atle Lyngstad Ness.

av, men Målfrid har såvisst vore «noe i seg selv», og ho har utført tenesta som tekstlesar på ein god måte. Av dei gudstenestene ho fekk medverke i er kanskje den då Mark Taylor vart vigsla som kantor den ho hugsar best. Det var svært høgtidsamt. Samla sett har oppgåva gitt henne mykje, og ho har gjeve oss tilhøyrarane gode opplevingar.

Takk, Målfrid.

Atle Lyngstad Ness

Stig Moltumyr sluttar som kyrkjetenar i Fjaler sokn



Stig har vore kyrkjetenar sidan 1. januar 2018 då han vart vikar for Jostein Løseth som fekk eitt års permisjon. Vikariatet galdt kyrkjetenar i Dale kyrkje og vedlikehald av gravplassen i Dale. I tillegg var Stig òg kyrkjetenar i Guddal kyrkje og Hellevik bedehuskapell, samt hadde vedlikehaldet på Guddal gravplass.

Etter at Jostein kom tilbake etter permisjonen 1.1.2019, fortsette Stig som kyrkjetenar og gravplassarbeidar i Guddal og fekk i tillegg kyrkjetenaroppgåver ved begge kapella i ytre Fjaler, og ved Folkestad kapell. Desse to siste åra har han òg vore kyrkjetenar ved nokre arrangement i Dale kyrkje. Vi takkar Stig for god og trufast teneste og ønskjer han lukke til med nye oppgåver.

Kyrkjevevje

Takk til Stig!

Dei siste par åra har Stig arbeidd som kyrkjelydsarbeidar i barne- og konfirmantarbeidet. Han har særleg hatt ansvar for praktisk tilrettelegging og matlaging. Dette har Stig gjort på ein framifrå måte. Han har servert variert og god mat til borna- og ungdomane. I tillegg har Stig har vore ein god kyrkjevert ved arrangement i kyrkja, alltid hjulpsam og til stades. Vi vil takke Stig for det gode arbeidet han har gjort.

*Knut Arne Kummeneje,
sokneprest*

Ny sokneråd

Fjaler sokn er ein eittsoknskommune, der soknerådet har ansvar både for «katedral og børs». Tradisjonelle soknerådsoppgåver er kyrkjeleg økonomi, personalansvar, og ansvar for kyrkjebygg og gravplassar.

Val av leiar og nestleiar skal gjerast årleg, og for 2021 har leiar og nestleiar bytta plass. Leiar er Trude G. Høgseth Felde og nestleiar er Terje Roald Halsnes.

Terje Roald Halsnes har vore soknerådsleiar sidan soknesamanslåinga 1. januar 2006. Før det, var det to sokn i Fjaler prestegjeld, med Dale- og Guddal sokneråd. Frå kyrkjevevje vart tilsett i mai 1996 og Den nye kyrkjelova vart vedteken, var det eit tredje råd, kyrkjeleg fellesråd, med medlemmar frå dei to sokneråda, samt ein representant frå kommunen. Terje Roald Halsnes var fellesrådsleiar frå 1999 til 2005.

Velkommen

Påska har sitt viktige budskap om då Jesus rei inn i Jerusalem på palmesøndag. Dette var starten på hans lidingssoge, der læresveinane åt det siste måltidet med han på skjærtorsdag, før Jesus dagen etter døydde på krossen.

Men det slutta heldigvis ikkje der. For tre dagar etter stod han opp igjen av grava og sigra over døden. Dette var ei så fantastisk hending at denne budskapen om hans oppstode spreidde seg over heile verda – også til Noreg. Det blei bygd kyrkjer, landet vårt blei styrt av kristne kongar, og kyrkja starta også dei første skulane.

dsleiar

Terje har vore aktiv i soknerådet i fleire periodar sidan 1980-talet, også som leiar, og har sånn sett vist eit trufast engasjement gjennom mange år – noko kyrkja er veldig takksam for. Samstundes håpar vi på eit fortsatt engasjement og innsats for kyrkja sitt arbeid framover. Kyrkja treng eldsjeler som han.

Den nye soknerådsleiaren, Trude G. Høgseth Felde, har hatt plass i rådet i snart 10 år. Ho vart valt inn i soknerådet i 2011. Vi ønskjer ho lukke til i det nye vervet og er takksam for det viktige arbeidet ho står i og den tenesta ho gjer for kyrkja i Fjaler.



til påskevandring!

Kyrkja i Fjaler vil invitere born til å delta i og høyre om denne fantastiske historia som hende i påska for 2000 år sidan.

Dei som går i 3.-5.klasse tilhøyrande Guddal kyrkje og Folkestad kapell vil bli invitert til eit opplegg med påskevandring i april. Det same vil 3. klassingar som soknar til Dale kyrkje.

Alle opplegga vil bli avslutta med Barnas påskesteneste:

- søndag 11. april kl. 11.00 i Guddal kyrkje
- søndag 11. april kl. 14.00 i Folkestad kapell
- søndag 18. april kl. 11.00 i Dale kyrkje

Påskevandrarane vil få utdelt påskebok i gudstenestene. Vel møtt!



Arkivbilde



En håndsrekning under koronapandemien

Fjaler sokn støttar NMS sitt arbeid i Midtausten

Takket være våre givere, har NMS bidratt med en halv million kroner som har sørget for alt fra helse- og hygieneartikler til skolemateriell. NMS har vært med og bidratt til at mennesker, som ellers ikke hadde blitt nådd, har fått nødvendig hjelp under koronapandemien. Dette er diakoni i praksis. Støtten ble brukt på følgende måte i Midtøsten og Pakistan og ble distribuert gjennom våre partnere:

- **Anafora (Egypt):** Distribusjon av mat, helseartikler, skolemateriell og finansiell hjelp til familier. 50 000 kroner.

- **Egypt:** Økonomisk støtte til produksjon av et TV-opplysningsprogram om temaer som seksuell vold, frykt og

angst gjennom Media-Arts for Development (MADEV). 2000 dollar (i underkant av 20 000 kroner).

- **Pakistan:** Matdistribusjon til 100 familier, husleie, medisiner og ansiktsmasker for kristne, muslimer og mennesker i LHBT-miljøet, i samarbeid med menneskerettighetsorganisasjonen CLAAS (Center for Legal Aid Assistants and Settlement). 50 000 kroner.

- **Pakistan:** Matdistribusjon, opplysningsarbeid og utdeling av nødvendig beskyttelsesmateriell i samarbeid med Den pakistanske kirke (COP). 50 000 kroner.

I den store sammenhengen er dette

en dråpe i havet. Men bak alle tallene finnes enkeltmennesker. Med disse midlene har NMS bidratt til at mennesker har fått nødvendig hjelp gjennom en utfordrende periode. Jeg viderefremidler en takk fra partnerne til alle som har vært utholdende i bønn gjennom krevende måneder. Våre medarbeidere melder at midt oppi den vanskelige situasjonen, har mennesker fått erfare at Gud kan snu motløshet til håp. Akkurat det er fantastisk å høre.

Av: Nils Endre Eikeland

Les meir om arbeidet på nms.no/finndinmenighet

Dine hender er fulle av blomar

Frå skrekk, erotikk og spagettwestern til påske

Filmkomponisten Marcello Giombini (1928-2003) komponerte musikken til nesten 100 filmar. Mange av dei var skrekk- og erotiske filmar og spaghetti westerns, den mest kjende kanskje Sabata, For A Few Dollars Less og Terrorexpressen, men komponisten levde eit dobbelt liv og var også ein katolsk salmediktar og kyrkjemusikar som komponerte over 300 liturgiske verk.

I 1969 skreiv han salmen «Dine hender er fulle av blomar» som ein del av messa «La oss vandre i håpet» for orgel, elektrisk gitar, slagverk og solistar. Messa vart spela inn i 1970 då Giombini sjølv spela el-orgel. Salmen er i typisk katolsk vise-tradisjon, ei lett forståeleg forteljing om kvinna som fann den tomme grava i Joh 20, 1-18.

Kvart vers har ein påstand, eit spørsmål og eit svar og er forma som ein vekselsong mellom læresveinane (gutar) og Maria Magdalena (kvinner). Salmen kom til Noreg via Sverige der Svein Ellingsen høyrde salmen i svensk omsetjing i 1974. I Norsk Salmebok 2013 har vi endeleg fått ei nynorsk versjon av ukjent opphav.

*Dine hender er fulle av blomar.
Kven var det du tenkte å gje dei til?
Mine blomar var plukka til Jesus.
Grava fann eg tom. Han var ikkje der.
Halleluja, halleluja, halleluja, halleluja.*

*Dine lepper er fulle av songar.
Kvifor denne glede, kvar kom ho frå?
Frå den grava der lekamen kvilte -
han stod opp, og verda vart fylt med song.
Halleluja, halleluja, halleluja, halleluja.*

*Dine augo er fulle av glede.
Sei, kva har dei sett for å få slik glans?
Dei har sett Herren Jesus! Han lever!
Han gjev livet meaning og lys kvar dag.
Halleluja, halleluja, halleluja, halleluja.*

*Nei, det trengst ingen blomar til grava!
Jesus, du stod opp og du bur blant oss!
Våre augo er til for å sjå deg.
Hendene er til for å tene deg.
Halleluja, halleluja, halleluja, halleluja.*

MT



Velkommen til dåp!

*Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei,
men læresveinane viste dei bort.
Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei:
«Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje!
For Guds rike høyrer slike til.
Sanneleg, eg seier dykk:
Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn,
skal ikkje koma inn i det.»
Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei.
Markus 10, 13-16*

Vil du bestille dåp?

**Send epost til kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no
eller ring 57 73 97 70.**

**Gudstenestelista finn du i kyrkjebladet
eller på www.fjaler.kyrkja.no.**



DEN NORSKE KYRKJA
Fjaler sokn

Oppstode

Å tru på oppstode frå dei døde som noko som eingong skal henda, er ikkje ein veldig unik eller ny førestilling i vår tid. Det var det på ingen måte for 2000 år sidan heller. Men trua på at den Jesus som døydde på korset allereie har stått opp frå grava, markerte for dei første kristne vendepunktet i verdshistoria.

Provoserande

Vår ofte bitre erfaring, og måten vi veit at verda fungerer på, er denne: Dersom nokon døyr, så er og forblir dei døde. Slik er det. Men dei kristne forteljingane om Jesus har som sitt ubestridte sentrum: Ja, han VAR død. Men han LEVER! Han er ikkje i grava, han er oppstaden! Oppstode frå dei døde ber med seg provoserande spørsmål om korleis verda heng saman og virkar. For vi sit med erfaring som fortel oss korleis døden er. Så kjem bodskapen om Jesu oppstod frå dei døde, og teppet som døden stod trygt og godt planta på, blir nappa vekk. Den makta er broten. Kva landskap opnar seg då?

Som før?

Nokre av oss tenkjer kanskje: Oppstode er at livet held fram på ein annan måte etter døden. Ja, oppstode inneheld det, men går lenger enn at det finst ein eksistens etter døden. Når vi snakkar om oppstode, snakkar vi om noko heilt i hjartet av dei kristne forteljingane. Legg merke til kva Jesus seier til læresveinane når han møter dei att: «Ta på meg og sjå – ei ånd har ikkje kjøt og bein, som de ser at eg har!» Og då han hadde sagt dette, og dei ikkje kunne tru for berre glede og undring, spurde han: «Har de noko å eta her?». Det ser ut til at matlyst høyrer med etter å ha stått oppatt! Forteljinga



Foto: congerdesign frå Pixabay.com

om når Jesus viser seg for venene sine etter oppstoda, er kjenneteikna av detaljar om fysisk nærvær, kjøt og bein, brødbryting, nysteikt fisk og samling rundt måltidet. «Har de noko å eta her?» Slike detaljar er med.

Ikkje som før?

Når Jesus viser seg for Maria, trur ho det er gartnaren. Emmausvandarane går heile vegen saman med han, men veit ikkje at det er han. Dei kjenner han ikkje att før han ber for maten og bryt brødet. Dei som kjente han best, kjenner han ikkje igjen til å begynne med. Det er ein ny form for kropp. Dei kjenner han att når han talar, eller i ettertid.

Bibelen er ikkje spesifikk på kva oppstode av lekamen er, men lærer oss at det er ein omvandla, men likevel fysisk kropp. Oppstode betyr altså ikkje at vi - utan kropp - blir evakuerte vekk frå denne jorda vi kallar heime. Det handlar om denne verda, den som vi kjenner og er heime i, og som mange kjempar for skal vere ein best mogleg stad! Det

er det god grunn til.

For Paulus skreiv fleire brev til kyrkjelyden i Korint, og i eitt av dei oppsummerer han: Det som de verkeleg treng å vite, det skal de få samanfatta her: «... at Kristus døydde for syndene våre, som skriftene har sagt, at han vart gravlagd, at han stod opp att tredje dagen, som skriftene har sagt, og at han viste seg for Kefas og deretter for dei tolv. Så viste han seg for meir enn fem hundre truande sysken på ein gong. Dei fleste av dei lever enno; men nokre har sovna inn.» Eg kjenner nokon som er villige til å fortelje om det dei har opplevd, skriv Paulus, og som kan bevitne at dette er heilt sant! Her, no – iblant oss!

Påskefeiring – ikkje ein flukt frå denne verda

Påske er ikkje tida for å feira at vi ein dag skal evakuerast vekk frå denne verda utan kropp. Vi feirar at Jesus har gått gjennom døden og har starta noko heilt nytt, i DENNE verda, den som er heime for oss.

Den store historia, i følgje Bibelen, er ikkje «Hei! Vi skal alle forlate denne plassen ein dag, så ikkje ta det for tungt korleis det går med den!» Historia er: Gud har IKKJE forlatt denne plassen, men han har begynt på noko nytt, for å skape jorda på nytt, for å gjenopprette verda, forsone verda, nyskape verda, utfri verda, slik at hans bustad kan vere hjå menneske. Blir du med på det?» Dette er ein bodskap som også står seg i koronaens tid!



Foto: congerdesign frå Pixabay.com

I slutten på Bibelen les vi om ei framtid der Gud bur hjå menneske. Mange detaljar er med: ein by, ein hage, ei elv, tre, bygningar, du og eg, Jesus. Det handlar om verda Gud har skapt, om verda han elskar, og som han IKKJE har gitt opp, men skal nyskapa.

Så skal vi feire påske og Jesu oppstode frå dei døde, og då feirar vi også at Gud stadfester sin vilje med denne verda. Han skapte den god, sjølv om den er mykje anna enn god nett no. Men Gud har ikkje har gitt opp denne vakre, forunderlege og vanskelege verda som er i svært alvorlege problem. Oppstoda er ei melding frå Gud: Eg skal redde den! Eg kjem til å begynne med at Jesus sigrar over døden, og grava er allereie tom!

Ny fødsel

For oppstoda er òg ei melding om at når alt går gale, så finst det håp om ein ny start. Uansett kor mørkt det er, det kjem ein morgon. Og dagen i morgon er ikkje bunden til å bli ein reprise av den elendige dagen i går. Du er ikkje bunden av korleis ting har vore før. For

tilgjeving finst, og grava er tom!

Nokre seier til seg sjølv: «Eg har dessverre alltid vore slik, og slik vert eg verande». Oppstoda seier noko anna. Andre seier: «Men eg har gjort noko forferdeleg gale. Eg kjenner skamma dagleg, men eg kan ikkje seie det til nokon. Og det vil alltid bli slik.» Oppstoda seier noko anna. «Desse vanskelege relasjonane – ja, eg skal halde ut, men det er og blir ei celle, eit fangenskap for meg.» Oppstoda seier at fortida kan få lov til å døy, og at noko nytt kan bli født!

Oppstoda let opp døra i det rommet der vi fortvila har sett oss inn og tenker at «slik det dessverre har vorte kjem det alltid til å bli verande.» Oppstoda seier til oss: Det er ikkje sant! Han er ikkje her i grava lenger! For Gud er alt mogleg! Skulda er ein gong for alle tatt hand om. Du kan bli ein ny skapning!

For dei første kristne, som skreiv det nye testamentet, var det sentrale bildet på oppstoda NY FØDSEL. Meldinga er: DU KAN

BEGYNNE HEILT PÅ NYTT! Derfor er gudstenester og andre samlingar i Jesu namn der, slik at vi kan få hjelp til å møte den oppstadne Jesus Kristus, og igjen plassere all vår tillit i han.

God påskefeiring!

Kjell Olav Høstaker Nordheim
Sokneprest i Askvoll

I kyrkjelyden sidan sist

Dale

Døpte:

Mie Simonsen Sætenes
Florian Scheuer Hovland

Vigde:

Kristin Kyrkjebø
og Terje Solheim

Døde:

Monrad Øye	f. 1932
Gudveig Høstaker	f. 1937
Geir Magne Tessem	f. 1950
Jon Jorde	f. 1930
Solveig Myklebust	f. 1926
Kjartan Leirpoll	f. 1934

Guddal

Døde:

Anne Marie Langeland f. 1925

TRENGER DU NOEN Å
SNAKKE MED?

Noen som ringer tenker på å ta sitt eget liv, andre er usikre, ensomme eller redde. Noen trenger bare å slå av en prat.

Ring eller skriv. Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

KIRKENS
SOS

Velkommen til kyrkje

Ver obs på at det kan bli endringar og tilpassingar i gudstenestelista på kort varsel alt eller kva smittevernreglar som gjeld.

Sjekk www.fjaler.kyrkja.no, facebook.com/FjalerKyrkja eller sjå annonsen i Firda kvar laurdag for oppdatert informasjon. Der vil det også stå om eventuell påmelding.

Søndag 21. mars
Dale kyrkje kl.19.00

Samtalegudsteneste med konfirmantane frå heile Fjaler. Offer til Alværa Misjonssenter.

Tysdag 23. mars
Dale kyrkje kl.19.00

Solidaritetskonsert med lokale ungdom. Offer til Kirkens Nødhjelp sin Fasteaksjonen.

Skjærtorsdag 1. april
Guddal kyrkje kl.19.00

Gudsteneste. Offer til Strømmestiftelsen.

Langfredag 2. april
Dale kyrkje kl.19.00

Gudsteneste.

Påskedag 4. april
Dale kyrkje kl.11.00

Høgtidsgudsteneste. Cantus deltek. Offer til Strømmestiftelsen.

Folkestad bedehuskapell kl.19.00

Høgtidsgudsteneste.
kl.18.40 spelar Mark Orgelkonsert nr.VI av Händel. Offer til Strømmestiftelsen.

Søndag 11. april
Guddal kyrkje kl.11.00

Barnas påskegudsteneste med påskevandrarar frå 3., 4. og 5. klasser som sokner til Guddal kyrkje. Utdeling av påskeboka. Familiekolet deltek. Offer til IKO - Kirkelig pedagogisk senter.

Folkestad bedehuskapell kl.14.00

Barnas påskegudsteneste med påskevandrarar frå 3., 4. og 5. klasser. Utdeling av påskeboka. 25-årsjubileumskonsert v/ Do Re Mi. Offer til IKO - Kirkelig pedagogisk senter.

Søndag 18. april
Dale kyrkje kl.11.00

Songgudsteneste med barne- og ungdomskor frå Ung Kyrkjesong Vest. Utdeling av påskeboka til Påskevandrarar frå 3. klasse. Offer til Ung Kyrkjesong Vest.

Søndag 2. mai
Dale kyrkje kl.11.00

Gudsteneste. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Søndag 9. mai
Folkestad bedehuskapell kl.11.00

Gudsteneste. Song ved Judith Våge og Marit Våge Apneseth. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Straumsnes grendahus kl.14.00

Gudsteneste og kyrkjekaffi. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Mandag 17. mai
Dale kyrkje kl.11.00

Festgudsteneste. Barnekolet deltek. Offer til NMS sitt arbeid i Midtausten.

Guddal kyrkje kl.13.00

Festgudsteneste. Familiekolet deltek. Offer til Guddal familiekor.

Pinsedag 23. mai Dale kyrkje kl.11.00

Høgtidsgudsteneste med Cantus. Offer til Kirkens Bymisjon Bergen.

Folkestad bedehuskapell kl.19.00

Høgtidsgudsteneste. Trekkspelmusikk v/ Jarle Milde. Offer til Kirkens Bymisjon Bergen.

Treeiningssundag 30. mai Dale kyrkje kl.19.00

Konsert med Stig Ulv. Billettsal.

Søndag 6. juni Hellevik bedehuskapell kl.11.00

Gudsteneste. Innskriving av konfirmantane. Offer til Alværa Misjonscenter.

Dale kyrkje kl.19.00

Gudsteneste. Innskriving av konfirmantane. Ungdomskoret deltek. Offer til Alværa Misjonscenter.

Søndag 13. juni Guddal kyrkje kl.11.00

Gudsteneste. Innskriving av konfirmantane. Familiekoeret deltek. Markering 40 år med kor i Guddal. Offer til Alværa Misjonscenter.

Søndag 27. juni Dale kyrkje kl.11.00

Gudsteneste. Solosong v/ Marie Skadal. Offer til KABB Kristent arbeid blant blinde og svaksynte.

Søndag 18. juli Dale kyrkje kl.11.00

Gudsteneste.

Søndag 1. august Korssundkrossen kl.14.00 Olsok

Friluftsgudsteneste ved steinkrossen. I Folkestad kapell v/ dårleg vêr.

Søndag 8. august Dale kyrkje kl.11.00

Gudsteneste. Solosong v/ Ingvild Rakneberg.

Søndag 15. august Folkestad bedehuskapell kl.11.00

Gudsteneste. Konfirmantpresentasjon.

Dale kyrkje kl.19.00

Konsert.

Kyrkjeblad for Fjaler

Kontonr. 3741 20 73135

Bladpengar kr. 250 / 300 for året.

Redaktør: Joy Taylor

Prent: Ingvald Husabø Prenteverk a.s.

fjaler.kyrkjeblad@gmail.com

Kyrkja i Fjaler

www.fjaler.kyrkja.no

Fjaler kyrkjekontor

Dalstunet

Dalsvegen 105A

6963 Dale i Sunnfjord

Tlf. 57 73 97 70



Kyrkjekontoret er ope

måndag-torsdag kl. 9.00-14.00

fredag kl. 9.00-12.00

Er det lys etter stengetid, kom gjerne innom!

Ved oppdrag og ferie kan du oppleve

kontoret stengt også når det skulle vore ope.

Tilsette med kontor plass:

Sokneprest Knut Arne Kummeneje

jobb: 57 73 97 75, mobil: 908 55 230

knakum@fjaler.kyrkja.no

Kyrkjeverje Irene Fløde

jobb: 57 73 97 71, mobil: 992 38 420

kyrkjeverje@fjaler.kyrkja.no

mandag, onsdag, torsdag og fredag

Kantor Mark Taylor

jobb: 57 73 97 74, mobil: 975 13 449

kantor@fjaler.kyrkja.no

Kantor har fri kvar torsdag

Sekretær Joy Taylor

jobb: 57 73 97 72, mobil: 911 71 745

kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no

tysdag og fredag

Kyrkjetenarar:

Dale kyrkje og kyrkjegard

Jostein Løseth tlf 906 07 913

Guddal kyrkje og gravplass

Stig Moltumyr tlf: 926 11 778

Hellevik- og Folkestad bedehuskapell

Stig Moltumyr tlf: 926 11 778

Vedlikehald av Hellevik og Folkestad gravplassar Jostein Folkestad

Fjaler sokneråd

Leiar Trude G Høgseth Felde tlf: 992 84 351

Vipps #127523 Fjaler sokn

Vipps #557133 Fjaler kyrkjeblad

Vipps #616403 Fjaler kyrkjemusikk

Kyrkjetenarar ønskes!



Har du lyst til å hjelpe oss med avvikling av gudstenester?

Å vere kyrkjetenar er eit svært viktig og meningsfylt arbeid der dine tenester er høgt verdsette.

Vi har ei flott kyrkje i **Guddal** men frå 1. april har vi ikkje lenger kyrkjetenar, då Stig Moltemyr har sagt opp.

Dette gjeld òg i ytre Fjaler, i **Folkestad** og **Hellevik** kapell vil vi mangle **kyrkjetenar**.

Dette kan vere tilleggssyssel for nokon som er i deltidstilling, gardbrukar, pensjonist eller ungdom som går dei siste åra på ungdomsskulen eller vidaregåande.

Gudstenester på søndagar og heilagdagane, årleg:

Guddal kyrkje 12, Folkestad kapell 18, Hellevik kapell 4.

Gravferder har vi på tysdag og fredag. Er du skuleungdom eller er på anna arbeid, må vi finne ei alternativ løysing for avvikling på gravferdsdagen, men du må gjere tilrettelegginga på førehand.

Gjennomsnitt tal gravferder pr år
Guddal 2, Folkestad 4 og Hellevik 3.

Ansvar for reinhald og tilrettelegging av kyrkja til kyrkjelege handlingar. Vere kyrkjetenar ved kyrkjelege handlingar. Desse to oppgåvene kan eventuelt delast på to personar.

Ta kontakt med kyrkjevevjerje Irene Fløde tlf. 99238420 innan 31. mars 2021 om du tenkjer at dette er noko for deg. Vi følgjer KA sin tariffavtale og elles gjeldande lov og regelverk.